

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, 17.11.2010 kl. 16.10 på
Kalvehagen, Storfjord kulturhus**

SAKLISTE:

- Sak 17/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 18. juni 2010
- ” 18/10 - Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 08/2010 – Analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon.
- ” 19/10 - Budsjett for Stranda kontrollutval 2011

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 18. 06 2010 kl. 14.10
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjørde

Elles til stades: Kari Johansen, Arne Ola Stavseng og Magnar Furset
= **4 voterande**

Per Berge og Hildegunn Brune hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møte rådmann Ann Kristin Langeland og økonomisjef Lars Birger Stige.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 12/10 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 11. MAI 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 11. mai 2010 blir godkjent.

SAK 13/10 ÅRSMELDING 2009 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 18.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Stranda kommune til orientering, men konstaterer at det ikkje ligg føre årsmelding frå eininga for kommunal teknikk.

SAK 14/10

KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 18.06.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet viser til at fleire investeringsprosjekt manglar finansiering og vil presisere at det er kommunestyret sjølv som skal vedta investeringsprosjekta og finansieringa av desse.

SAK 15/10

REKNESKAP 2009 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Innstilling datert 18.06.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

SAK 16/10

REKNESKAP 2009 – STRANDAFJELLET KF

Innstilling datert 18.06.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Strandafjellet KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Kari Johansen
medlem
(sign.)

Arne Ola Stavsen
medlem
(sign.)

Magnar Furset
varamedlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 17.11.2010

SAK 18/10
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT NR. 08/2010 – ANALYSE AV
KOMMUNEN SI LÅNEGJELD VURDERT OPP I MOT ØKONOMISK BEREKRAFT
OG NØDVENDIG TENESTEPRODUKSJON

Som vedlegg følger:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 08/10

I kontrollutvalsak 07/10 behandla kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjonsrapport som var eit forprosjekt til temaet ovanfor. Kontrollutvalet si samrøystes innstilling overfor kommunestyret var i denne saka følgjande:

1. Kommunestyret tek rapporten om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til orientering.
2. Kommunestyret ber om at det i arbeidet med budsjett og økonomiplan blir innarbeidd i desse konsekvensar av investeringsprogrammet til kommunen og konsekvensar av redusert meirverdiavgiftkompensasjon for å hindre ubalanse i økonomiplanen.
3. Kommunestyret ber også om kvalitetssikring av prognosar og økonomisk saksbehandling som gjeld den generelle økonomiske utviklinga i kommunen.

Kontrollutvalet gjorde vidare følgjande samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 02/10 – tema for forvaltningsrevisjon pkt. 1 og 2. Kontrollutvalet vedtek å utvide forprosjektet om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til ein fullskala forvaltningsrevisjon. Mandatet blir utvida i samsvar med tilrådingane i forprosjektet sitt kapittel 4 med følgjande tema:

- Kostra-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat
- Kommunale føretak – konsernrisiko
- Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle egedelar
- Sjølvfinansierande gjeld
- Konsekvensar av renteendringar
- Finansreglement

Ei slik presisering ligg innanfor kontrollutvalet sitt kompetanseområde å avgjere.

Hovudkonklusjonar i rapporten er at:

- Lånegjelda til kommunen er høg og aukande.
- Stresstest viser at det kan vere stor risiko knytt til gjelda.
- Stranda kommune har ein økonomiplan i ubalanse.
- Gjeldssituasjonen kombinert med svake netto driftsresultat over tid gjer at ein kan stille spørsmål ved om dette kan vere i strid med kommunelova sine krav knytt til berekraftig utvikling og det såkalla generasjonsprinsippet.
- Stranda kommune ser ikkje ut til å skilje seg særleg frå andre kommunar med omsyn til omfang av sjølvfinansierande gjeld eller finansielle egedelar.

Utdrag frå rapporten.

I kapittel 8 som er oppsummering og tilrådingar er hovudkonklusjonen at økonomiske nøkkeltal for Stranda kommune er svake. Det kjem vidare fram at kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Stranda kommune kjem dårleg ut på det såkalla kommunebarometeret. To unntak er sosialtenesta og skulesektoren. Vedkomande lånegjelda kjem det fram at risikoen ved høg lånegjeld er stor og auka renter vil kunne påverke tenesteproduksjonen negativt. Det går fram av rapporten at gjelda er særst høg og dersom planlagte prosjekt som ligg i økonomiplanen blir gjennomført, vil gjelda pr 31.12.2013 bli om lag kr. 195.000 pr innbyggjar i Stranda kommune (ekskl. eiedomsselskapet). Dersom ein tek med eiedomsselskapet ville talet vore om lag kr 209.000 pr. innbyggjar.

Konsernrisikoen blir framstilt som sannsynlegvis høg. Spesielt når det gjeld Strandafjellet KF er det grunn til å påpeike at ei risikovurdering burde vore gjennomført før avgjerd om investering.

Rapporten fortel at i vedteken økonomiplan ligg det ikkje inne auka finansutgifter ut over nivået i 2010. Basisscenarioet i stresstesten viser renteutgifter på om lag 22 mill. kroner for kommunen (ekskl. føretak) i 2013. I økonomiplanen ligg det inne 18 mill. kroner. Dette gir eit avvik på 4 mill. kroner. Det går også fram av rapporten at det bør gjerast nye berekningar på minimumsavdrag. Vidare går det fram av rapporten avvik på for mykje budsjettert driftsinntekt frå momskompensasjon med om lag 5,4 mill. kroner i 2013. Ei anna problemstilling er mulig feilaktig avgrensing mellom driftsutgifter og investeringsutgifter som kan auke den kjente ubalansen i økonomiplanen ytterlegare.

Kommentarar og tilrådingar i rapporten:

- Stranda kommune bør snarast mogleg innarbeide konsekvensar på kapitalkostnadane av planlagde investeringar i økonomiplanperioden og konsekvensar av redusert momskompensasjon slik at ein har ein realistisk økonomiplan.
- Det bør gjerast nye berekningar på minimumsavdrag.
- Kommunen bør leggje meir arbeid i analyser og målsetjingar i samband med økonomiplanarbeidet. Det bør vurderast å setje meir konkrete målsetjingar jf. KOSTRA
- Ut frå den særst høge gjelda til kommunen, bør ein vurdere å bruke jamlege stresstestar på finansutgifter for å halde seg oppdatert på risiko og moglege meirutgifter.

- Det bør vurderast å gjere risikoanalyser knytt til økonomi i kommunale føretak og kommunale selskap.
- Det bør arbeidast meir med å få økonomiplanen så realistisk som mogleg med tanke på investeringsutgifter.
- Kommunen bør vurdere om det kunne vore fornuftig for Stranda kommune å ha ein strategi i finansreglementet der ein ser aktiva og passiva samla.

Sluttkommentar

Forvaltningsrevisjonsrapporten har vore førelagt høyringsinstansane til høyring utan at det har kome fram vesentlege merknader. Rapporten synest å gi dekkjande svar på spørsmåla som er stilt av kontrollutvalet. Den økonomiske situasjonen til Stranda kommune er vanskeleg med svært høg lånegjeld og ein økonomiplan i reell ubalanse - det siste er i seg sjølv eit av kriteria som skal leggest til grunn ved betinga statleg godkjenning av og kontroll med økonomiske forpliktelsar etter kommunelova §60 (ROBEK).

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

innstilling :

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport nr. 08/10 til orientering.
2. Kommunestyret ber om at dei problemstillingane som rapporten tek opp blir gitt nødvendig prioritet. Dette gjeld også dei utfordringane og problemstillingane som må finne sin konklusjon gjennom politiske vedtak, mellom anna:
 - a) Innarbeide konsekvensane av kapitalkostnadene som gjeld planlagte investeringar i økonomiplanperioden og konsekvensane av redusert meirverdiavgiftskompensasjon, slik at ein har ein økonomiplan i reell balanse.
 - b) Vurdere jamnlege stresstestar på finansutgiftene for å halde seg oppdatert på risiko og mulige meirutgifter.
 - c) Det bør vurderast å gjere risikoanalyser knytt til økonomi i kommunale føretak og kommunale selskap.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 17.11.2010

SAK 19/10
BUDSJETT STRANDA KONTROLLUTVAL 2011

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa respektive sine representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte kontrollutvalet sine egne budsjetterte utgifter. Desse utgiftene bør leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Samla godtgjersle til kontrollutvalet vil også vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ivareteke av andre instansar.

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet ber om at utvalet si godtgjersle og utgifter til kurs, oppdatering og reiser blir innarbeidd i kommunen sitt ordinære budsjett for 2011. Utvalet reknar med desse kostnadene:

1. Møte- og leiargodtgjersle blir sett i samsvar med vedteke reglement. Det er rekna med 5-6 møte
2. Kurs- og reiseutgifter blir stipulert til ca kr 15. 000,-.

Harald Rogne
dagleg leiar